

AUSTEVOLL HISTORIELAG

Føremål og vedtekter

Vedtekne på skipingsmøtet 15. januar 2014

§ 1 Føremål

Austevoll historielag har til føremål å ivareta og fremja interessa for lokalhistorie og kulturvern i Austevoll

§ 2 Verksemd for å nå føremålet

- Vera eit kontaktpunkt for lokalhistorisk interesse
- Samarbeida med andre lag, verksemder og kommunale organ.
- Skipa til møte, kurs, ekskursjonar og driva med registrering og med innsamling av munnleg tradisjon og anna historisk materiale.
- Gje ut årsskrift, andre historiske skrift, ha ei oppdatert heimeside og ei facebookside
- Arbeida for vern og formidling av fornminne og kulturminne av alle slag i Austevoll
- Arbeida for ei betre oversikt og ei lettare tilgang til lokalhistoriske kjelder av alle slag i Austevoll

§ 3 Tilknytning til andre lag

Laget er knytt til Hordaland sogelag og Landslaget for lokalhistorie.

§ 4 Organisering av Styret

Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmer med 2 varamedlemmer.

§ 5 Årsmøtet

§5a Årsmøtet vel:

- a) Leiar for 1 år
- b) Styremedlemmer for 2 år, slik at minst 2 styremedlemmer står på val kvart år
- c) 2 varamedlemmer for 1 år
- d) 1 revisorar (eller 1 fagrevisor) for 1 år
- e) Valnemnd på 3 medlemmer for 1 år.

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserar og skrivar.

Leiaren kallar inn til styremøte.

Varamedlemmene skal ha tilsendt sakspapir og kan møta på alle styremøte.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades.

Ved stemmelikhet tel leiar si stemme dobbelt.

Styret kan peika ut nemnder til å ta seg av særskilde oppgåver.

§ 5b Årsmøtet handsamar:

Årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av februar. Det skal kunngjerast i lokalavisa med minst 14 dagars varsel.

Årsmøtet skal handsama:

- a) Årsmelding
- b) Revidert rekneskap
- c) Val

d) Fastsetting av medlemspengar

e) Inkomne framlegg

Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera komne til styret seinast ei veke før møtet. Alle medlemmer som møter personleg, har røysterett.

Ekstraordinert årsmøte kan verta halde når styret vedtek det eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det gjeld same reglar for innkalling og utlysing som for vanleg årsmøte. Eit ekstraordinert årsmøte kan berre handsama dei sakene som er gjort kjende i innkallinga.

§ 6 Lovendring og nedlegging

Endring av lovene kan gjerast på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal. Laget kan verta lagt ned når to etterfølgjande årsmøte vedtek det med minst 2/3 fleirtal. Laget sitt arkiv, aktiva og midlar går då over til Austevoll kommune.

§ 7 Medlemskap

Medlemer i laget er dei som betaler dei årlege medlemspengane.

Utmelding av laget skal vera skriftleg.

Dei som ikkje har betalt medlemspengar dei to siste åra, vert likevel strokne frå medlemslista.

Medlemskap gir rett på eit eksemplar av laget sitt årsskrift

§ 5 Rekneskap

Rekneskapen vert ført for kvart kalenderår og lagt fram for årsmøtet i revidert stand.